Sunnfjord kommune

Årsplan 2026-2030

Langhaugane barnehage



Innhald

..... 1

Årsplan 2026-2030 Langhaugane barnehage 1



Einingsleiar har ordet ... 3
Presentasjon av barnehagen ... 4
Visjon for barnehagen ... 4
Barnehagen sitt verdigrunnlag ... 5
Satsingsområde for barnehagen 2026- 2030 ... 6
Fagområder frå rammeplanen til barnehage ... 7
Satsingsområde og utviklingsarbeid ... 7
REKOMP – kompetanse for eit inkluderande fellesskap ... 7
FORUT – solidaritet, mangfald og medmenneske ... 8
Språk og kommunikasjon ... 8
Tryggleik, relasjonar og tilhøyrsle ... 8
Leik, læring, inkludering og fellesskap ... 9
Barns medverknad ... 9
Mangfald som ressurs ... 9
... 10
Medverknad ... 10
Barn ... 10
Foreldresamarbeid ... 11
Overgangar ... 11
Tidleg innsats ... 11
Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid ... 11
Observasjon, kartlegging og tidleg innsats ... 12

Samarbeid 13
Samarbeid internt i barnehagen 13
Samarbeid på tvers av avdelingane 13
Føresette sitt ansvar for å melde fråvær 14
Samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar 14
Eksterne samarbeidspartnarar 14
Vurdering 15
Vurdering av det pedagogiske arbeidet 15
Hendingar og markeringar i barnehagen 16



Einingsleiar har ordet

Velkomen til eit nytt barnehageår i Langhaugane barnehage!

I Langhaugane barnehage ønskjer vi å skape ein trygg, inkluderande og utviklande kvardag for alle barn. Vi skal vere ein barnehage der barna får vere seg sjølve, oppleve tilhøyrsle og kjenne at dei har ein viktig plass i fellesskapet.

Årsplanen skal vise kva vi legg vekt på i arbeidet vårt, og kva mål og verdiar som skal vere med oss gjennom barnehageåret. Vi har eit særleg fokus på tryggleik, gode relasjonar, leik, språk, inkludering og tidleg innsats. Samtidig skal vi vere ein barnehage i utvikling, der vi som tilsette stadig reflekterer over eigen praksis og lærer saman.

Vi er opptekne av at alle barn skal bli **sett, høyrt, forstått og respektert**. Gjennom arbeidet vårt med mellom anna REKOMP, FORUT, barns medverknad, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid ønskjer vi å gi barna eit godt grunnlag for tryggleik, meistring, vennskap og vidare utvikling.

Eit godt barnehagetilbod blir til i samarbeid mellom barn, føresette og tilsette. Vi ønskjer derfor eit nært og tillitsfullt samarbeid med heimane, der vi saman arbeider for at kvart enkelt barn skal ha det best mogleg.

Eg er stolt av den engasjerte og dyktige personalgruppa vår, og av den innsatsen som kvar dag blir lagt ned for barna i Langhaugane barnehage. Saman skal vi halde fram med å utvikle ein barnehage der det er godt å vere – for barn, føresette og tilsette.

Lena Kristin Slettemark
Einingsleiar
Langhaugane barnehage

Presentasjon av barnehagen

Langhaugane barnehage er ein kommunal barnehage med seks avdelingar. Avdelingane har navn etter dei fjella som er kring oss her i nærmiljøet : Eikåsnipa, Halvgjerda, Kvamsfjellet, Tindefjellet, Middagsfjellet og Nonsnipa. Vi ligg sentralt til med omliggande byggefelt og 20 minutt frå Førde sentrum. Barnehagen held til i eit flott bygg frå 2012 som rommar 144 plassar. Barnehageåret 2026/2027 er 97 plasser i bruk, fordelt på 70 barn. Vi har eit stort og godt uteområde med tilpassa leikeapparat i forhold til alder og utvikling, grillhytte og naturleg vegetasjon i utkanten mot skogen. Vi er mykje ute i alt slags vêr, og alle grupper har faste turdagar. Barnehagen har flotte naturområde lett tilgjengeleg. I tillegg har vi eigen utfluktsplan som legg opp til ulike støylsturar og ekskursjonar i nærmiljøet. Vi har ei god kjønns- og aldersblanding i personalet.

Visjon for barnehagen

Langhaugane barnehage er eigd av Sunnfjord kommune som har føljande visjon og verdiar:

Visjon: Saman blir vi drivande gode

Verdiar: Vi er EIN - Engasjert, Inkluderande, Nær

Engasjerande, Inkluderande og Nære tilsette;

• Engasjerer seg og viser interesse for alle, barn, foreldre og kollegaer.

• Er engasjert i barna og deira utvikling og trivsel.

• Er imøtekomande, tar andre sine synspunkt og opplevingar på alvor og høyrer kva barn, føresette og tilsette har å fortelje.

• Snakkar med alle, høyrer på barn, foreldre og kollegaer. Møter nye familiar og kollegaer med respekt, og verdset ulikskapar.

• Gir positive tilbakemeldingar til barn, foreldre og kollegaer. Jobbar for at alle skal ha ein god kvardag.

•Er positiv, til stades og skapar gode relasjonar med barn og vaksne.

• Legg til rette for felles aktivitet der alle vert inkludert og deltakande utifrå sine ferdigheiter.

• Lar barn få medverke i leik og kvardagsaktivitetar.

• Ser alle barn, møter barna sine kjensleuttrykk, og gjev god omsorg og støtte til alle.
• Er tilgjengeleg i levering og henting slik at foreldre kan ta kontakt.

• Skapar tryggleik gjennom gode relasjonar. Respekterer og anerkjenner barn, kollegaer og føresette

Barnehagen sitt verdigrunnlag

I barnehagen skal vi arbeide for at alle barn får like moglegheiter til å bli sett og høyrt. Barna skal bli møtt med tillit, respekt og anerkjenning, slik at vi ivaretek barn sitt behov for omsorg, meistring og leik i fellesskap med andre. Vi skal fremme demokrati og likestilling, og motarbeide diskriminering slik at barna utviklar nestekjærleik og ser på alle menneske som likeverdige. Personalet skal jobbe for og vere gode rollemodellar som kontinuerleg reflekterer over eigne verdiar og handlingar, og tek ansvar for å etterleve barnehagen sitt verdigrunnlag og pedagogiske plattform. I det ligger også at dei skal følge reglar og normar for grensesetting og likebehandling slik at barna blir møtt med forutsigbare reglar og vaksne. Leiken har ein sentral plass i barnehagen og er grunnlaget for læring, danning og allsidig utvikling. Samstundes ønskjer vi å vere ein barnehage som tek i bruk **nærmiljøet, uteområdet og naturen**, slik at barna får oppleve utforsking, friluftsliv og berekraft i praksis.

Satsingsområde for barnehagen 2026- 2030

Fagområde/årshjul Fagområda må sjåast i ein samanheng, og ofte er vi innom fleire fagområde innanfor same tema/prosjekt. Årshjulet skal sikre at vi jobbar med alle fagområde i løpet av eit barnehageår. Kvar avdeling vel sjølv korleis dei vil jobbe med fagområda, ut frå rammeplanen, barnehagen sin progresjonsplan, og gruppa sine behov og interesser.

Månad	**Fagområde**		**Døme på tema**
August	Kunst, kultur og kreativitet	Kommunikasjon, språk og tekst Mengd, rom og form	Oppstart og tilvenning
September	Kropp, rørsle, mat og helse		Vennskap & sosial kompetanse
Oktober	Natur, miljø og teknologi		Haust Dyr i naturen
November	Natur, miljø og teknologi		Bok-prosjekt/ eventyr-prosjekt
Desember	Etikk, religion og filosofi		Advent og jul
Januar	Nærmiljø og samfunn		Vinter Eventyr
Februar	Kunst, kultur og kreativitet		Samisk kultur Karneval
Mars	Kropp, rørsle, mat og helse		Kropp og grenser
April	Etikk, religion og filosofi		Påske Vår
Mai	Nærmiljø og samfunn		17. mai
Juni	Nærmiljø og samfunn		Trafikk
Juli	Kunst, kultur og kreativitet		Sommar

Fagområder frå rammeplanen til barnehage



Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.

Satsingsområde og utviklingsarbeid

I Langhaugane barnehage skal alle barn og familiar oppleve at dei blir møtte med respekt, openheit og likeverd. Vi ønskjer å vere ein barnehage der det er plass til ulikskap, og der mangfaldet i barne- og foreldregruppa blir sett på som ein ressurs.

REKOMP – kompetanse for eit inkluderande fellesskap

Gjennom REKOMP (regional kompetanseutvikling) har vi eit særleg fokus på å utvikle kompetansen og forståinga til dei tilsette i møte med familiar med ulik kulturell og nasjonal bakgrunn. Vi arbeider med å bli meir medvitne på korleis kultur, språk, tradisjonar, erfaringar og ulike forventningar kan påverke møtet mellom barnehagen og familien.

Målet er at dei tilsette skal ha større kunnskap og tryggleik i møte med mangfaldet i barnehagen, og kunne møte kvar familie med respekt, nysgjerrigheit og openheit. Vi ønskjer å unngå at ulikskap skaper avstand, og heller bruke ulikskap som ein ressurs i fellesskapet.

Gjennom dette arbeidet skal alle barn få eit likeverdig og godt møte med barnehagen. Barn og familiar skal oppleve å bli **sett, høyrt, respektert, forstått og anerkjende for den dei er og den bakgrunnen dei har**.

Arbeidet med REKOMP skal vere ein del av den daglege praksisen vår og påverke korleis vi kommuniserer med barn og foreldre, korleis vi organiserer det pedagogiske arbeidet, og korleis vi legg til rette for at alle kan delta og høyre til.

FORUT – solidaritet, mangfald og medmenneske

Vi deltek årleg i FORUT sitt barnehageopplegg. Gjennom FORUT får barna møte andre barn, kulturar og levesett på ein trygg og alderstilpassa måte. Vi får høve til å snakke med barna om korleis menneske kan leve på ulike måtar, samtidig som vi har mykje til felles.

FORUT er ei viktig satsing for oss fordi ho gir barna erfaringar med **solidaritet, fellesskap, respekt og medmenneskelegheit**. Vi ønskjer å gi barna forståing for at verda er mangfaldig, og at alle menneske har same verdi, uavhengig av kvar dei kjem frå, kva dei har eller korleis dei lever.

Gjennom forteljingar, musikk, aktivitetar, mat, leik og samtalar får barna høve til å bli kjende med andre delar av verda. På denne måten kan vi bidra til å utvikle barn som er nysgjerrige på andre menneske, som viser omsorg og respekt, og som får eit tidleg grunnlag for å forstå kva solidaritet og rettferd kan bety.

Språk og kommunikasjon

Språk er ein viktig nøkkel til deltaking, fellesskap og læring. Vi skal arbeide systematisk med å støtte alle barn si språkutvikling og leggje til rette for gode samtalar, leik, lesing, song og forteljing gjennom heile barnehagedagen.

Vi skal vere særleg merksame på barn som har eit anna morsmål enn norsk, og anerkjenne at fleirspråklegheit er ein ressurs. Barna skal få oppleve at språket og kulturen deira har ein naturleg plass i barnehagen.

Vi arbeider mellom anna med **TRAS, Alle Med og Språk 5–6** som verktøy for å observere, følgje opp og støtte barna si utvikling. Det viktigaste språkarbeidet skjer likevel i dei gode kvardagsmøta – i leiken, måltida, garderoben, samlingsstunda og i samtalen mellom barn og vaksne.

Tryggleik, relasjonar og tilhøyrsle

Eit sentralt mål for oss er at alle barn skal kjenne seg trygge og oppleve at dei høyrer til i fellesskapet. Vi arbeider derfor med å utvikle varme, stabile og anerkjennande relasjonar mellom barn og vaksne.

Gjennom arbeidet med **Tryggheitssirkelen (COS)** har vi fokus på dei vaksne si rolle i å vere trygge basar for barna. Vi skal vere nærvarande vaksne som ser barnet sine

behov, hjelper barnet med å regulere kjensler og støttar barnet i utforsking, leik og samspel med andre.

Vi ønskjer at barna skal møte vaksne som:

- ser og anerkjenner det enkelte barnet
- er tilgjengelege og trygge
- hjelper barna inn i leik og fellesskap
- støttar barna i å handtere kjensler og konfliktar
- set tydelege og trygge grenser
- møter ulikskap med respekt og nysgjerrigheit

Leik, læring, inkludering og fellesskap

Leiken har ein sentral plass i Langhaugane barnehage. Gjennom leiken utviklar barna språk, sosial kompetanse, sjølvkjensle, fantasi og evne til samarbeid.

Vi skal arbeide aktivt for at alle barn får delta i leik og fellesskap. Dei vaksne skal vere tett på leiken, observere samspel og hjelpe barn som strevar med å finne sin plass. Vi skal arbeide førebyggjande mot utanforskap og bidra til at barna utviklar evne til å inkludere kvarandre.

Barns medverknad

Barn skal få påverke sin eigen kvardag ut frå alder, føresetnader og modning. Vi skal lytte til barna sine uttrykk, interesser og meiningar og ta desse med i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet.

Barns medverknad handlar for oss ikkje berre om å få velje aktivitetar, men om å oppleve at ein blir lytta til, teken på alvor og har ein viktig plass i fellesskapet.

Mangfald som ressurs

Mangfald skal vere synleg og naturleg i kvardagen vår. Vi ønskjer å bruke ulikskap i språk, kultur, familieformer, interesser, erfaringar og føresetnader som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet.

Gjennom året vil vi bruke bøker, musikk, forteljingar, bilete, mat, leik og andre aktivitetar for å synleggjere mangfaldet i barnegruppa og i verda rundt oss.

Målet vårt er at alle barn og familiar skal kunne kjenne:

Her høyrer eg til. Her blir eg sett. Her er det trygt å vere meg.



Medverknad

Barn

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda til barnehagen» Rammeplan for barnehage s. 27.

Det skal vere rom for fleire perspektiv samtidig i barnehagen, og barna skal erfare at deira meiningar blir høyrt. Personalet i barnehagen skal

· Lytte til og tolke barn sitt verbale og non-verbale språk

· Observere og ta barn sine ulike uttrykk på alvor

· Tone seg inn på barna og prøve forstå kva som ligg bak kommunikasjonen

· Legge til rette for medverknad ut frå alder, erfaring, føresetnader og behov

Barns medverknad kan ein til dømes sjå att i barnehagen sine planar, det fysiske miljøet og leikar/utstyr. Personalet må skilje mellom barns medverknad og barns medbestemmelse. Barns medbestemmelse kan til dømes vere at barna deltek i planlegging av ulike aktivitetar eller spontant er med å ta avgjerder undervegs. Ein kan sjå på det som ein del av barns medverknad.

Foreldre

Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, jf. barnehagelova §§ 1 og 4. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Foreldresamarbeid

I Langhaugane barnehagen ønskjer vi at foresatte skal være aktive medspelarar i utforming av innhaldet i barnehagen. Foreldre får medverke ved å:

- Delta på foreldremøter og foreldresamtalar
- Melde sakar til samarbeidsutvalget
- Komme med innspel i kvardagen
- Svare på brukarundersøkelser

Vi har foreldreutvalg som skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ for foreldre, tilsette og eigar.

Overgangar

Rammeplanen viser til ulike overgangar barna møter dei første leveåra. Når barnet startar i barnehagen, overgangar i barnehagen og frå barnehage til skule. Barnehagen har utarbeida eigne planar for desse overgangane. Desse finn dykk som vedlegg til Åsplan for Langhaugane barnehage

Tidleg innsats

Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid

Vi har eit sterkt fokus på tidleg innsats og ønskjer å oppdage og følgje opp barn og familiar som treng ekstra støtte, så tidleg som mogleg. Vi arbeider førebyggjande og systematisk for å sikre at barn får den hjelpa og tilrettelegginga dei treng.

Eit godt samarbeid med foreldra er ein viktig del av dette arbeidet. Vi ønskjer å ha open og tillitsfull dialog med familien, slik at vi saman kan finne gode tiltak og løysingar. Ved behov samarbeider vi med andre fagpersonar med samtykke frå foreldra.

Gjennom **BTI (Betre Tverrfagleg Innsats)** har vi ein strukturert modell for samarbeid og oppfølging rundt barn og familiar. Vi har eit **ressursteam** i barnehagen som består av einingsleiar, assisterande einingsleiar samt representant frå PPT der vi saman diskuterer og har fokus på å sette i verk tidleg hjelp til barn som treng det. I tillegg samabreidar vi tett med ulike hjelpeinstansar, mellom anna PPT, helsestasjon, barnevern og andre relevante fagmiljø. Målet er å sikre heilskapleg oppfølging og at dei ulike tenestene arbeider saman til beste for barnet.

Gjennom tidleg innsats, godt foreldresamarbeid og tverrfagleg samarbeid ønskjer vi å skape gode føresetnader for **tryggleik, utvikling, meistring og trivsel for alle barn**.

Observasjon, kartlegging og tidleg innsats

Vi arbeider systematisk med observasjon og kartlegging for å få kunnskap om barna si utvikling, trivsel, leik, språk og sosiale samspel. Observasjonane våre skal hjelpe oss til å sjå det enkelte barnet og barnegruppa sine behov, og danne grunnlag for vidare pedagogisk arbeid og tidleg innsats.

Vi nyttar ulike observasjonsmetodar og kartleggingsverktøy, mellom anna **TRAS, "Fokus på tidlig innsats"** (observasjonsverktøy frå stat ped) **Alle Med og Språk 5–6**, og gjennomfører ved behov **sosiogram** for å få betre innsikt i barna sine relasjonar og plass i barnegruppa. Verktøya skal ikkje stå åleine, men brukast saman med dei tilsette si faglege vurdering og kjennskap til barnet.

Målet er å oppdage behov så tidleg som mogleg og setje inn gode og tilpassa tiltak før utfordringar får utvikle seg. Vi ønskjer å vere ein barnehage som arbeider førebyggjande og systematisk, og som raskt kan justere det pedagogiske tilbodet når vi ser at eit barn eller ei barnegruppe treng noko anna.

Som ein del av det førebyggjande arbeidet nyttar vi også **«Jeg vet» frå Salaby**, som gir oss alderstilpassa materiell til samtalar og arbeid med mellom anna kropp, kjensler, grenser, vennskap, tryggleik og det å vere ein god ven. Dette er ein viktig del av arbeidet med å gi barna språk og forståing for eigne og andre sine kjensler og grenser.

Foreldresamtalane er ein viktig arena for å dele observasjonar, erfaringar og kunnskap om barnet. Foreldra kjenner barnet sitt best, og deira perspektiv er viktig for å få eit heilskapleg bilete av barnet. Gjennom open dialog kan vi saman finne gode måtar å støtte barnet si utvikling, trivsel og meistring på.

På **avdelingsmøta** bruker vi observasjonar og kartleggingar som grunnlag for fagleg refleksjon, vurdering av det pedagogiske arbeidet og planlegging av tiltak. Vi drøftar korleis miljøet og dei vaksne si tilrettelegging kan bidra til at alle barn får gode utviklings- og læringsvilkår.

Gjennom systematisk observasjon, kartlegging, foreldresamarbeid og fagleg refleksjon ønskjer vi å sikre at **alle barn blir sett, forstått og følgde opp ut frå sine behov – så tidleg som mogleg.**

Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Eit godt internt samarbeid er viktig for å sikre kvalitet og heilskap i arbeidet vårt. Gjennom **personalmøte, avdelingsmøte, pedagogmøte, planleggingsdagar og trepartsmøte** legg vi til rette for informasjonsdeling, fagleg refleksjon, medverknad og felles utvikling.

Vi skal ha ein open og inkluderande samarbeidskultur der vi deler erfaringar, støttar kvarandre og arbeider mot felles mål. God kommunikasjon og tydelege rutinar skal bidra til at alle tilsette opplever ansvar, tilhøyrsle og medverknad, og at barna får eit trygt og godt barnehagetilbod.

Samarbeid på tvers av avdelingane

Vi har faste tilsette på kvar avdeling for å sikre kontinuitet, gode relasjonar og tryggleik for barna. Samtidig har vi eit sterkt fokus på samarbeid på tvers av avdelingane. Vi ønskjer at barna skal bli kjende med fleire vaksne og barn i barnehagen, slik at dei opplever tryggleik og tilhøyrsle også utanfor si eiga avdeling.

Når det er behov for å flytte på personalressursar, nyttar vi i størst mogleg grad **kjende og trygge vaksne frå andre avdelingar**. Dersom det til dømes er få barn på ei avdeling og god bemanning på ei anna, kan vi flytte tilsette dit behovet er størst. På denne måten kan vi bruke dei samla personalressursane våre på ein god og fleksibel måte, samtidig som barna møter vaksne dei kjenner og er trygge på.

Vi legg derfor vekt på at dei tilsette skal ha kjennskap til barna på tvers av avdelingane, og at barna skal få møte dei vaksne også i andre delar av barnehagen gjennom leik, felles aktivitetar, turar og ulike arrangement. Dette gjer oss mindre sårbare ved fråvær og gjer det lettare å sikre eit trygt og stabilt tilbod gjennom heile dagen.

Vi ønskjer også at barna skal bli kjende med kvarandre på tvers av avdelingane. Dette gir høve til å utvikle nye vennskap, fellesskap og forståing for kvarandre. På sikt bidreg dette til eit større og tryggare fellesskap i heile barnehagen.

Tryggleik er alltid eit grunnleggjande omsyn når vi organiserer personalet. Målet er at barna skal ha kjende, trygge og tilgjengelege vaksne rundt seg, også når det oppstår fråvær eller vi må gjere endringar i bemanninga. Samtidig ønskjer vi å vere ein fleksibel organisasjon som bruker dei ressursane vi har, til beste for barna og fellesskapet.

Føresette sitt ansvar for å melde fråvær

For å kunne planleggje bemanninga på ein best mogleg måte, er vi avhengige av at føresette registrerer fråvær i **Visma så snart dei kjenner til at barnet ikkje kjem i barnehagen**. Når vi har god oversikt over kor mange barn som er til stades den aktuelle dagen, kan vi tilpasse bemanninga etter behovet på dei ulike avdelingane.

God oversikt over barnetalet gjer det lettare å bruke personalressursane fleksibelt og på tvers av avdelingane. Vi kan då i større grad sikre at barna får møte **kjende og trygge vaksne**, også på dagar med fråvær blant dei tilsette.

At fråvær blir meldt så tidleg som mogleg, er derfor ein viktig del av samarbeidet mellom heim og barnehage og bidreg til at vi kan skape ein **trygg, stabil og føreseieleg kvardag for barna**.

Samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar

Barnehagen samarbeider med ulike eksterne samarbeidspartnarar for å sikre heilskapleg oppfølging og gode tenester til barn og familiar. Dette kan vere **PPT, helsestasjon, barnevern, fysioterapeut, logoped, BUP og skule**. Vi har også samarbeid med andre instansar alt etter kva som er barnet og foresattes sine behov.

Samarbeidspartnarane kan bidra med **rettleiing, observasjon, kartlegging, fagleg kompetanse og tilrettelegging** ut frå barnet og familien sine behov. Samarbeidet skjer i dialog med føresette og med samtykke der dette er nødvendig.

Eksterne samarbeidspartnarar

PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste)

PPT kan bidra med rettleiing, observasjon og vurdering av barn som treng ekstra støtte eller tilrettelegging, og gi personalet råd om gode tiltak.

Helsestasjon

Helsestasjonen kan bidra med råd og rettleiing knytt til barnet si utvikling, helse og trivsel, og samarbeide med barnehagen og føresette ved behov.

Barnevernet

Barnevernet skal bidra til å sikre at barn som treng det, får nødvendig hjelp og oppfølging. Barnehagen kan samarbeide med barnevernet både gjennom førebyggjande arbeid og i konkrete saker.

Foreldrerettleiing

Foreldrerettleiing kan gi føresette støtte og konkrete verktøy i foreldrerolla, mellom anna knytt til samspel, grenser, kommunikasjon og barnet si utvikling.

Vurdering

Vurdering av det pedagogiske arbeidet

Rammeplanen for barnehagen legg vekt på at det pedagogiske arbeidet skal vurderast jamleg. Vurdering skal bidra til å synleggjere korleis barnehagen arbeider for å oppfylle rammeplanen, og danne grunnlag for vidare utvikling av det pedagogiske arbeidet. Vurderinga skal vere ein del av det daglege arbeidet og ikkje berre skje gjennom planlagde evalueringar.

I **Langhaugane barnehage** vurderer vi det daglege arbeidet kontinuerleg gjennom observasjon, refleksjon, samtalar og dokumentasjon. Vi ser mellom anna på korleis barna opplever tryggleik, trivsel, medverknad, leik og læring, og om det pedagogiske miljøet og måten vi organiserer kvardagen på møter barna sine behov.

Vi nyttar også **planleggingstid, avdelingsmøte, personalmøte og pedagogmøte** til å reflektere over praksis. Vi spør oss kva som fungerer godt, kva som kan bli betre, og kva vi må endre for å gi barna eit endå betre barnehagetilbod. Innspel og observasjonar frå barn, føresette og personalet er viktige i dette arbeidet.

Vurderinga skal føre til **utvikling av praksis**. Det vi kjem fram til gjennom vurderingsarbeidet, skal få konsekvensar for vidare planlegging, organisering og pedagogisk arbeid i barnehagen.

Hendingar og markeringar i barnehagen





For meir informasjon om aktuelle planar sjå vedlegg